

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
103/2016	Formannskapet i Radøy	PS	24.11.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	14/2215	16/14399

Omdisponering av midlar løyvd 2011 - Grindverksløa på Basthaugen på Mjøs

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Bjørn og Mona Brekkan fekk i formannskapsmøte 15. desember 2011 sak 109/11 tilsegn om kr 50 000 til restaurering av grindverksløa på gnr 16 bnr 4 på Mjøs. Tilskotet skulle finansierast ved avkastning av kommunen sitt kulturminnefond og disposisjonsfond i den grad avkastninga ikkje dekkjer tilskotet. Midlane skulle utbetalast når tiltaket var ferdig.

Midlane vart løyvd før ein fekk statuttar for kulturminnefondet i Radøy kommune, og det var ikkje sett nokon tidsfrist for midlane. Midlane er sett av, og kan ubetalast utan å ta frå avkastninga frå kulturminnefondet 2017.

Ein del arbeid på løa er utført, men framleis står mykje att. For å redda løa er det naudsynt at ein kjem i gang med å reparera taket. Mona og Bjørn Brekkan søker difor om omdisponert midlane frå å gjelda ei totalrestaurering av løa til å gjelda sikring av taket.

Vurdering

Løa på Basthaugen er ein flott representant for byggjeskikken i området vårt med steinmurar på alle sider av løa og eit reisverk i grindverk. Byggjeskikken, autensiteten og storleiken på bygget gjer at dette er ei løe som er verdt å ta vare på.

Då Bjørn og Mona Brekkan søkte Radøy kommune om midlar i 2011, gjaldt det ei fullstendig restaurering av løa som var kostnadsrekna til 1 005 000 kroner. I dag er denne summen auka til kring 1,35 millionar. I tillegg til løyvinga frå kulturminnefondet til Radøy kommune har dei også fått løyvd 25 000 kroner for Hordaland fylkeskommune si vern og vøl-ordning og 103 000 kroner frå Norsk kulturminnefond til dette prosjektet. Midlane frå Hordaland fylkeskommune og Norsk kulturminnefond har vorte utbetalt for vorte nytta til å restaurera murane kring løa.

I tillegg til arbeidet med murane, har det vore drenert kring løa for å fjerna vasstilsig og få vekk vatn som tidlegare stod i floren, og det er fjerna grantrer som stod nord for løa og der røtene var med på å øydelegga fundamenta for løa. Totalt har eigarane til no hatt kostnader på kroner 219 781.

Det gjenstår ein del arbeid på murane kring løa. I tillegg er taket i så dårlig stand at det er fare for at det kan knekka saman. I samråd med Norsk kulturminnefond har eigarar av løa difor kome fram til at det er arbeidet med taket som må prioriterast. Kostnaden til å sikra taket er stipulert til kr 109 025.

Det har vist seg at det er vanskeleg å få finansiert eit så stort prosjekt som ei totalrestaurering av løa.

Eigarane har fått råd om at det er lurt å dela opp prosjektet i mindre delar og søkja tilskot på kvar av desse, og det er gjort mellom anna i søknadene til Norsk kulturminnefond. Det gjer at ein kan ta det trinnvis i eit tempo som gjer at ein klarar å henta inn midlar og finansiera det etter kvart.

Eigarane søker difor om å få utbetalt midlane frå Radøy kommune slik at dei kan få sikra taket. Dei har også søkt Norsk kulturminnefond om midlar til dette arbeidet. Svar på denne søknaden er venta i juni 2017.

Rådmannen er positiv til å omdisponera midlane som vart løyvd i 2011 til å gjelda arbeidet som er utført på murane og sikring av taket, då desse tiltaka vil gje at løa vert tatt vare på. Alternativet er at restaureringa av løa kan stoppa opp og at arbeidet med å setja løa i stand kan verta endå dyrare og langt meir omfattande. For å sikra likebehandling med andre søkerar til Radøy kommune sitt kulturminnefond og i tråd med statuttane for kulturminnefondet, bør midlane utbetalast etter at taket er sikra. Delutbetaling kan gjerast etter avtale med rådmannen.

Konklusjon

Rådmannen er positiv til å omdisponera midlane slik at det gjeld arbeid som er utført på murane og sikring av taket. I tråd med statuttane for kulturminnefondet bør midlane utbetalast etter at tiltaket er fullført. Delutbetaling kan gjerast etter avtale.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Mona og Bjørn Brekkan får omdisponert midlane som vart løyvd i 2011 til å gjelda restaurering av utført arbeid på murane kring løa og sikring av taket. Midlane vert utbetalt etter at tiltaket er slutført. Delutbetaling kan gjerast etter avtale.

Formannskapet i Radøy - 103/2016

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Mona og Bjørn Brekkan får omdisponert midlane som vart løyvd i 2011 til å gjelda restaurering av utført arbeid på murane kring løa og sikring av taket. Midlane vert utbetalt etter at tiltaket er slutført. Delutbetaling kan gjerast etter avtale.

Vedlegg:

Radøy kommune kulturminne omsøknad 101116

Grindverkslø Prosjektregnskap 260116 revidert 090216

Kalkyle for løebygning med fokusområde

Grindverkslø på Mjøs takkonstruksjoner 2016

Grindverkslø på Mjøs oversiktsbilder 2016

Grindverkslø på Mjøs 140521Prosjektregnskap oppdatert 9feb 2016

Norsk kulturminnefond søknad

Basthaugen 2016

Formannskapsvedtak 2011